

Karsten Pedersen Johnsen
Ingeskjeret 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16288 - 20/69618

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.11.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 309/140 Hjertås

Tiltak: Garasje og veranda
Byggjestad: Gbnr: 309/140
Tiltakshavar: Karsten Pedersen Johnsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsel til gbnr 309/9.
2. Terrengprofil som viser eksisterande og nytt terreng og der plassering av garasje og grenselinjer er teikna inn. Terrenginngrep på inntil 1,0 meter skal ha avstand til nabogrense på minst 1,0 meter.
3. Utgreiing/teikningar over planlagt frittståande veranda. Dersom dette gjeld markterrasse, dvs. terrasse som ikkje ligg høgare enn 0,5 meter over bakken, er tiltaket ikkje søknadspliktig, og krev heller ikkje samtykke frå nabo ved plassering i grensa. Andre terrassar som er plassert i grensa krev samtykke frå nabo, eller at det vert søkt om dispensasjon.
4. Ny situasjonsplan. Situasjonsplanen som er nytta har dårlig kvalitet då høgdekoter og grenselinjer går dårlig fram. Vi legg ved nytt kart for innteikning av omsøkt tiltak. Ytre hovudmål og avstand til grenselinjer må førast på.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsendning av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart gbnr 309-140

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------|---------------|------|----------|
| Karsten Pedersen Johnsen | Ingeskjeret 3 | 5918 | FREKHAUG |
|--------------------------|---------------|------|----------|

Mottakarar:

| | | | |
|--------------------------|---------------|------|----------|
| Karsten Pedersen Johnsen | Ingeskjeret 3 | 5918 | FREKHAUG |
|--------------------------|---------------|------|----------|